

NATUR OG KULTUR

## Villreinen treng Hardangervidda



www.villrein.no/Arne Nyaaas

**DU ER I NÆRLEIKEN AV VILLREINEN SITT RIKE.** Noreg er det einaste landet i Europa som har restar av den opphavlege ville fjellreinen (tundrareinen). Dei 10 000-11 000 dyra som lever på Hardangervidda, utgjer over 1/4 av all villrein i Noreg. Det er dei store, samanhengande, inngrepsfrie områda som gjer vidda spesielt villreinvenleg. Flokkane vandrar mellom kalvingsområde og ulike sesongbeite i løpet av året. Difor treng dei store areal. Villreinen er mest sårbar på vinterbeite og i kalvingstida om våren. Enkelte år er områda rundt Falkeriset viktige kalvingsområde. Hjelp oss med å ta vare på reinen ved å ikkje ferdas langs stien eller i området før etter 15. juni. Du er heldig dersom du ser villrein. Om du gjer det, bør du halde deg i ro og nyte synet. Lær meir om villrein på [www.villrein.no](http://www.villrein.no)

**KVA KAN DU SJÅ PÅ TUREN?**

**MOLTER:**

Moltekrem er gourmetdessert!

Foto: Ove Bergersen

NATUR OG KULTUR

## Spor etter falkefangst



Illustrasjon: Arkikon

**FALKERISET** har fått namn etter falkefangsten, som var ei viktig næring på 1500- og 1600-talet. Nederlandske falkonerar budde på Falkeriset og jakta på verdas største falk; jaktfalken. Dette var så lønsamt at om ein falkoner berre fanga ein falk på heile sommaren, så var det verdt turen. Falkane selde dei til rike fyrstar i Europa. Der blei fuglane lærde opp slik at dei kunne brukast på jakt. Under Falkenuten ser du murane etter steinbua falkonerane budde i. Like nordvest for toppen kan du skimte ein sirkelforma grasvoll der fangsthytta stod. Jaktfalk, dvergfalk og tårnfalk hekkar framleis i fjella rundt Falkeriset.

Layout: Nina Akerstveit / Trykke: Erik Tanche Nilsen as

 **Vandreregionen**  
www.vandretelemark.no    www.visitrauland.com

Ansvarleg utgivar er VTNU AS og Vinje kommune med støtte frå  TELEMAR FYLKESKOMMUNE

**STEINKUNST:**

Sherpaer frå Nepal har skapt eit kunstverk av ein stig!

Foto: Guro Lien

**SØTEROT:** Bitter smak, men god medisin. Sanking har gjort søterota sjeldan. Foto: Guro Lien

3 KM TUR/RETUR / 1 TIME

FAMILIETUR →

## Rauland – Telemark

TURMÅL **Falkeriset**

TEMA **Panoramautsikt mot Hardangervidda**



Foto: Guro Lien

**HEILO:**

På Falkeriset kan du møte heiloen, fjellfuglen framfor nokon.

Foto: Kjell Bitustøyl



# Om turen

**BARNEVENLEG TUR** i vakker høgfjellsnatur med 360 graders panoramautsikt mot Hardangervidda, Gaustatoppen, Møsstrand og Rauland. Sherpær frå Nepal har bygd ein vakker steinstig opp til utsiktspunktet. Turen passar for folk frå 2 til 90 år. Borna elsker å hoppe frå stein til stein!

Turen startar på steintrappa ved parkeringsplassen. Steintrappa gjer stigen lett å følgje. Det er jamn, lett stigning heile vegen gjennom fjellbjørkeskogen og opp til utsiktspunktet på snau-fjellet.

Om du ikkje går på utsida, men følgjer steintrappa, sparar du naturen for slitasje og hindrar at nye, gjørmete stigar blir til.


Om du held hunden i band, gjer du sauene som beiter her ei stor teneste, sidan lause hundar kan jage små lam til dei stuppar.

## Køreforklaring

Start i Rauland sentrum.



Følg rv 362 mot Haukeli.



Etter 4 km, ta av til høgre mot Kromviki.



Følg grusvegen Kromvikvegen 10,5 km til ein parkeringsplass på venstre side av vegen, der stiens startpunkt er markert med infotavle og steintrapp. (GPS: N59°47.775' E008° 04.861')

## BØKER OM OMRÅDET:

"Fjellbygdi ved Møsvatn"  
av Øystein Kostveit.



DET GÅR AN PÅ RAULAND

Du har sjølv ansvar for tryggleiken undervegs.  
Ta omsyn til naturen og beitande dyr.  
Gjer vel å ta med søppel heim. God tur!




**Kart:**  
Rauland 1: 30 000,  
Møsstrand 1415 IV 1:50 000

**NB:**  
Hugs bandtvang  
1. april – 20. august.



**Tilgang:** juni-oktober,  
950-1095 moh.



Målestokk 1:50 000

Ekvidistanse 20m

..... = merkt sommarløype



Foto: Guri Lien